

## Uttale til høyring frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne – handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fylgjande uttale til høyringa – handlingsplan for trafikktrygging:

### Satsingsområde: sikringsutstyr:

- Eit godt tiltak er at alle nyttar refleks og refleksvest når dei er ute å går eller sykklar, for å vere godt synlege i mørket. Refleksaksjonane som fylkeskommunen har hatt med jamne mellomrom om hausten er eit godt tiltak

### Satsingsområde: trafikksikker kommune:

- Det må leggast vekt på universell utforming, slik at alle brukargrupper kan ferdast i sine nærområde. Å vere trygg i trafikken er viktig for at alle kan bevege seg fritt
  - Fotgjengarfelt må ha godt synlege kvite striper, vere godt belyst og godt skilta for bilistane
- Fylgje opp brøyting og strøing av alle vegar inkludert gang- og sykkelveggar

### Satsingsområde: trafikkåtferd:

- Haldningsskapande arbeid er viktig og må vere ein kontinuerleg prosess frå dei yngste til dei eldste. Opplæringa må tilpassast dei ulike aldersgruppene og dei ulike formene for trafikantar. Haldningar i trafikken er viktig

Kontaktperson:

Erlend Haugen Herstad [Erlend.Haugen.Herstad@sfj.no](mailto:Erlend.Haugen.Herstad@sfj.no)

Leiar fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne